



Vedtatt av Bokn kommunestyre 26.10 2021

Plan for samordning frivillig/offentlig sektor Bokn kommune 2021-2024



10 frivillighetspolitiske bud

- 1. Kjenn frivilligheten i kommunen din*
- 2. Vedta ein tverrsektoriell kommunal frivillighetspolitikk*
- 3. Anerkjenn frivillighetens eigenverdi*
- 4. Forenkling gjev meir frivillighet*
- 5. Tilrettelegg for frivillighetens eigenutvikling*
- 6. Skap dialog med frivilligheten*
- 7. Anerkjenn og støtt opp om frivillighetens meirverdi*
- 8. Gje frie midlar*
- 9. Ikkje konkurrer med frivilligheten*
- 10. Skap forutsigbarhet*

(KS/Frivillig Norge)



Mål 1: Styrking av tilbud retta mot born og unge

Tiltak: Etablere tilskottsordning for å sikre alle born og unge tilgong til aktivitet på Bokn

Tiltak: Etablere mentorordning for å få fleire unge vaksne til å ta verv i frivillige lag/organisasjonar

Tiltak: Sikre optimal utnyttelse av brukstida i Bokn Arena og andre aktivitetsflatar

Mål 2: Forenkla kommunikasjon mellom frivillige lag/organisasjonar og kommunen

Tiltak: Etablere årlig treff mellom sektorane for gjensidig meiningsutveksling og dialog

Tiltak: Felles portal for kommunikasjonsutveksling og synleggjering av aktivitetstilbud

Tiltak: Oversiktlig registrering av organisasjonar og aktivitetar

Mål 3: Samordne og systematisere arbeidet retta mot frivillige organisasjonar

Tiltak: Tilskottsordningar skal vera oversiktlige og enkle å søke/rapportere på

Tiltak: Lån/leige av kommunale lokaler skal systematiserast og forenklast

Tiltak: Kartlegge behov innan kommunen og samordne samarbeidet med frivillige

Mål 4: Skape forutsigbarhet for kommune og frivillige organisasjonar

Tiltak: Utarbeide skriftlige samhandlingsavtalar mellom frivillige lag/organisasjonar og kommunen

Tiltak: Utarbeide rutine for koordinering av aktivitet på tvers av sektorane

Tiltak: Synleggjering av kulturkontoret

Mål 5: Legge til rette for auka frivillighet i kommunen

Tiltak: Samordning av og bistand til administrative oppgåver

Tiltak: Etablere/arrangere årlig samankomst for ny- innflytta boknarar

Tiltak: Auka fleksibilitet mellom skule/SFO/leksehjelp og frivillige organisasjonar for betre samordning av aktivitetstilbud for born

Forord

Frivillighet er ein av bærebjelkane i eit samfunn. Frivillighet og frivillig arbeid har stor betydning både for born, vaksne og eldre og innan alle samfunnsområder. Frivillighetens sjølvstendige stilling og verdi som samfunnsbygger er viktig å anerkjenne.

Bokn kommune legg no fram ein plan som skal styrke frivillighetens kår med bakgrunn i behov som kjem frå frivilligheten sjølv; både lag og organisasjonar. I tillegg vil vi legge til rette for auka samarbeid/samhandling mellom det offentlige og frivillig sektor.

Gode rammebetingelsar både når det gjeld økonomi, tilrettelegging og synleggjering er viktige satsingsområde i dette arbeidet.

Det overordna målet for planen er at kommunen og frivilligheten, saman, skal tilrettelegge for ei samordning av dei to sektorane. Ei samordning vil bidra til å gje auka forutsigbarhet for begge partar. Dette gjev fleire og betre aktivitetstilbud ut til folk flest. Bokn kommune ynskjer å føra ein politikk på frivilligfeltet som skal gje virkemiddel for å driva fram nye frivillige initiativ og organisasjonsmodellar i lokalsamfunnet, betre utnyttelse av kommunale lokalar og auka rekruttering til frivillig arbeid. Planen viser til kva strategiar og konkrete tiltak som skal bidra til å nå målsettingane.

Vi ser fram til å starta arbeidet med å setta tiltaka ut i livet og til å samarbeida med alle gode krefter som finst i frivillig sektor.

Bokn kommune ynskjer å retta ei stor takk til alle som har komme med innspel og som har bidratt i prosessen fram mot ein ferdig plan for samordning frivillig/offentlig sektor.



Gøy på isen! Foto: Armand Svendsen

Bokn, 26.10 2021

Osmund Våga

Osmund Våga

Ordfører

Innhold

Handlingsdel	2
Formål med planen	5
Planens oppbygning	5
Styrande føringar.....	5
Planprosessen.....	6
Kartlegging av frivillige lag og organisasjonar i Bokn	7
Revidering og Evaluering.....	7
Begrepsavklaring	7
Bokn kommune sitt samarbeid med frivillig sektor i Bokn kommune	10
Oppvekst og kultur	10
Helse og omsorg.....	11
Teknisk.....	11
Sentraladministrasjon	12
Tilskottsordningar.....	12
Fokus på samarbeid og samhandling	13
Bokn kommune sin rolle.....	13
Mål for samordning frivillig/offentlig sektor Bokn kommune	13
1. Styrking av tilbud retta mot born og unge	14
2. Forenkla kommunikasjon mellom frivillige lag/organisasjonar og kommunen	14
3. Samordne og systematisere arbeidet retta mot frivillige organisasjonar	14
4. Skape forutsigbarhet for kommune og frivillige organisasjonar	14
5. Legge til rette for auka frivillighet i kommunen	14
Tabell med oversikt over tiltak knytt til dei definerte måla	15
Planar/Kjelder.....	17
Vedlegg.....	17

Formål med planen

Denne planen er eit fyrste steg i arbeidet med å forsterke og systematisere samarbeidet og samhandlinga mellom kommunen og frivillige lag og organisasjonar. Den skal skape legitimitet for innsatsen som frivilligheten i kommunen bidrar med, skape felles forståelse rundt dagens status og legge til rette for forenkla rammer og retningslinjer for samarbeidet. Planen for frivillighetspolitikk skal støtte opp om mangfoldet og omfanget av aktivitetar som frivilligheten representerer innafor dei fleste samfunnssektorar, og tar sikte på å legge til rette for ein meir bærekraftig frivillig sektor og gode forutsigbare vilkår for frivilligheten. Eit grunnleggjande prinsipp i kommunen sitt frivillighetsarbeid er at det skal vere enkelt å vere frivillig på Bokn. Med dette prinsippet lagt til grunn, skal ein bidra til ei meir bærekraftig samfunnsutvikling.

Planens oppbygning

Planen er meint å skape forståelse og å gje betre kunnskap om frivilligheten på Bokn. I tillegg skal han utdjupe kommunen si rolle/forhold til frivilligheten samt skildra samfunnsutviklinga på Bokn. Kunnskap og tal som seier noko om folkehelsa i befolkninga, utfordringsbiletet generelt samt konklusjonane frå arbeidsgruppa sitt arbeid dannar grunnlag for handlingsdelen til planen. I handlingsdelen legg ein fram tiltak som m.a skal skape betre systematikk i kommunen sitt arbeid med frivilligheten samt tilrettelegge for auka samarbeid.

Innledningsvis viser planen til statlige, regionale og lokale føringar som legg premissar for arbeidet. Planen seier så noko om kven som har vore involvert og om tidlige beslutningar som vart gjort som følge av eit framifrå samarbeid med Frivillighet Norge. Planprosessen blir omtala, herunder ei kort redegjøring for kartlegginga av frivillig sektor på Bokn.

Planen gjev føringar for framtidig revideringsarbeid og frekvens samt omfang av evaluering av samordninga mellom dei to sektorane.

Styrande føringar

Følgjande dokument legg føringar for utarbeidinga av denne planen:

Statlige

- Meld. St 10 (2018-2019): Frivilligheta – sterk, sjølvstendig, mangfoldig (Forenklingsreforma del 4, kap.9)
 - St.Meld 39 (2006 - 2007): Frivillighet for alle
 - Nasjonal strategi for frivillig arbeid på helse -og omsorgsfeltet (2015 - 2020)
- Frivillighetserklæringen – samspillet mellom regjeringen og frivillig sektor (2015)

Fylkeskommunale

- Regional kulturplan for Rogaland 2015 - 2025

Kommunale

- Kommuneplanens samfunnsdel Bokn kommune 2019 - 2023
- Planstrategi for Bokn kommune 2019 -2023

Frivillighet inngår i fleire kommunale temaplanar og av sentrale plandokument finn vi m.a

- Plan for idrett og fysisk aktivitet 2014- 2022
- Kulturminneplan Bokn kommune 2020- 2023
- Handlingsplan for folkehelse, 2021
- Helse og omsorgsplan Bokn kommune 2020-2024

Planprosessen

Revideringa av samfunnsdelen til kommuneplan i 2019 peika raskt på behovet for ei meir systematisk, kommunal tilnærming til det å samarbeida og samhandla med frivillige lag og organisasjonar. Plan for samordning frivillig/offentlig sektor blei derfor satt høgt oppe på lista over planar den kommunale planstrategien sa noko om seinare same året. Når kommunal planstrategi, samt økonomiske midlar, var på plass tok ein kontakt med Frivillighet Norge for bestilling av kartlegging av frivillig sektor Bokn kommune. Bakgrunnen for dette var behovet for å auke kunnskapsgrunnlaget om frivillig sektor knytt til status, utfordringar og moglegheiter. Frivillighet Norge bistod Bokn kommune i kartlegginga av frivillig sektor våren 2020 (april – mai). Målet var at så snart kartlegginga var gjort skulle ein samle alle interesserte til eit folkemøte for gjennomgang av funna i kartlegginga og til dialog om korleis ein saman kan møte utfordringane. Men, korona pandemien ville det annleis på våre vegne og planarbeidet vart satt på vent. Vi innsåg at vi ville måtte vente lenge skulle vi invitere til folkemøte. Løysinga var difor, då vi tok opp att planarbeidet, å invitere til ei digital samling for gjennomgang av kartlegginga. I forkant av denne samlinga blei det sendt ut invitasjon til samtlige frivillige lag og organisasjonar i kommunen med invitasjon om å engasjere seg i arbeidsgruppa for utarbeiding av plan. Tilbakemeldingane var gode og arbeidsgruppa har sidan tidlig i 2021 vore som følgjer:

Bokn gatebilkubb v/Odd Kenneth Tollaksen

Bokn AP/Bokn mållag v/Arne Hosaas

Bokn båtforening/Bokn musikkorps/Bokn Røde Kors v/Kaj Arne Christiansen

Bokn bedehus/Bokn KrF. v/Sigmund Alvestad

Bokn pensjonistforening v/Svanhild Alvestad

Bokn idrettslag v/Simon Sjøen

Kultursjef Jardar Havikbotn

Kommunalsjef oppvekst og kultur Ingrid Sofie Rundhaug

Kommunalsjef helse og omsorg Grethe Heimvik

Leiar kommunal planlegging, teknisk drift og vedlikehald Anne E. Askeland

Arbeidsgruppa har hatt få, men effektive møter via teams og har arbeida godt med planen mellom møta. Planen blei vedtatt i kommunestyret 26.10 2021 ref. vedtak KS- sak 045/21.

Grunna korona tok ein raskt eit val om å køyra ei digital tilnærming til planprosessen for å komma i mål i høve til framdriftsplan. Tidlig blei det sagt at eit av dei viktigaste måla er å gjera planen så lettfattelig og tilgjengelige (kortfatta) som mogleg.

Lag, organisasjonar og alle andre interessert blei inviterte til ei digital samling 08.april 2021 for gjennomgang av funna i kartlegginga. Gjennomgangen, inkludert spørsmålsrunde, blei ivaretatt av Frivillighet Norge. Frivillighet Norge har vore til stor hjelp i arbeidet og kommunen vil med dette retta ei takk til dei involverte. Framifrå levert!

Den digitale samlinga samla heile 34 personar; eit høgt antall representantar kommunestørrelsen tatt i betraktning. Som «plaster på såret», ettersom det var vanskelig å få til ei løysing knytt til bevertning, blei det informert om at alle lag som møtte til samlinga vil få overført midlar til sin lagkonto i staden. Laga og organisasjonane som møtte blei oppfordra til å samlast (lokalt i laget/organisasjonen) når planen skal ut på høyring. På denne måten vil ein kunne involvere enno fleire av medlemmene i laget/organisasjonen i den viktige høyringsrunden. Hovedfunna frå kartlegginga vil bli omtala heilt kort i neste avsnitt. Presentasjonen frå den digitale samlinga ligg ved som vedlegg til planen, sjå vedlegg 1.

Kartlegging av frivillige lag og organisasjonar i Bokn

Våren 2020 bestilte kommunen ei kartlegging av frivillig sektor på Bokn. Kartlegginga blei gjennomført i perioden april til mai 2020. Ein undersøkelse blei sendt ut til alle registrerte epost - adresser blant frivillige lag og organisasjonar på Bokn. Kartlegginga blei gjennomført av Frivillighet Norge og Rambøll. Kartlegginga gav kunnskap om frivillighetens felles utfordringar og behov. Ei kort oppsummering fortel oss at:

- svarprosenten (43 %) er høg kommunestorleik tatt i betraktning
- nokre av dei største laga og organisasjonane svara ikkje; dette var noko uventa
- det er høg aktivitet på Bokn
- det er likevel flest tilbud retta mot godt vaksne/eldre
- frivillige lag og organisasjonar er stort sett nøgde med samarbeidet både med kvarandre og med kommunen
- utfordringane knyter seg stort sett til rekruttering av medlemmer og frivillige til verv
- ein stor del av respondentane er nøgde med tilgangen til klubb/lagslokalar

Revidering og Evaluering

Revidering

For å sikra ei god kobling mot budsjett og økonomiplan skal handlingsdelen reviderast årlig. Planen i si heilhet skal reviderast ein gong per kommunestyreperiode.

Evaluering

I forbindelse med revideringane er det også naturleg å evaluere arbeidet – både med tiltaka konkret, men og med strukturen i samarbeidet/samhandlinga dei to sektorane seg imellom. På denne måten kan ein raskt korrigere kurs ved behov. Ein vil også kunne legge til grunn ny kunnskap som følgje av dei nasjonale, årlige folkehelseprofilane samt kunnskap frå arbeidet med den løpande oversikta over helsetilstanden i kommunen.

Begrepsavklaring

Frivilligheten er mangfoldig og under stadige endringar. Koronapandemien har satt frivilligheten på prøve; ein erfarer både positive og negative følgjer av denne. Ein heil nasjon har fått bekrefta kor løysningsorientert frivillig sektor er. Både smittevern, demokratiske prosessar og konkret aktivitet har blitt handtert på ein svært god måte. På den andre sida ser ein at mange lag og organisasjonar diverre har mista medlemmer på grunn av alle restriksjonane knytt til fysisk oppmøte/samlingar. Uansett kor løysningsorientert ein måtte vera så let det seg ikkje gjera å spela fotbalkamp utan å vera fysisk samla. Kulturbransjen på si side har funne digitale måtar å samlast om både konsertar og teater og har i ein overgangsfase utvikla seg i tråd med dette.

Frivillighet

Det er brukt fleire definisjonar av frivillige og frivillige organisasjonar i Norge. Dette kompliserer av og til drifta av frivillige verksemder og skapa uklarhet rundt kva aktørar frivilligheten består av. Bokn kommune vel å benytte same definisjon som den Frivillighet Norge brukar:

Frivillig organisasjon

En frivillig organisasjon er en sammenslutning av personer eller virksomheter som driver virksomhet på ikke - fortjenestebasert og ikke - offentlig basis, jf. frivillighetsregisterloven § 3 og § 4. En frivillig organisasjon baserer en vesentlig del av driften på medlemskontingenter, gaver, innsamlede midler og/eller frivillig arbeidsinnsats. En frivillig organisasjon kan være forening, lag, stiftelse, ideelt aksjeselskap, forbund, nettverk eller en paraplyorganisasjon.

Frivillige

Frivillighet Norge definerer frivillig virke som verksemd der det vesentlegaste er basert på frivillige gåver/innsamla midlar og/eller frivillig tidsbruk, og som har eit ikkje - kommersielt formål.

Å administrere og å trene fotballaget blir definert som frivillighet, men det å spele fotball på fotballaget blir definert som å delta/vera medlem i organisasjonen. Steiker du vafler på kampen blir også det definert som frivillighet, men er du tilskodar – så er du tilskodar. Du er fortsatt ikkje frivillig om du kjøper og betaler for dei nysteikte vaflene, men du yter eit svært viktig bidrag til idrettslaget.


Frivillighet i Norge

Forskning viser at Norge er på topp internasjonalt med tanke på frivillig innsats blant innbygarane. Frivillig sektor står for ein vesentlig del av verdiskapninga i samfunnet. Dersom ein hadde inkludert frivillig innsats i beregninga av bruttonasjonalprodukt, ville dette utgjort 4,6 % av bruttonasjonalprodukt fastlands-Norge (BNP-FN) (Kjelde: SSB, 2018 – tal).

Ulønna innsats er berekna til omtrent 142 000 årsverk.

Frivillighetsbarometeret (Kjelde: Frivillighet Norge) 2020 fortel oss at heile 66% har gjort frivillig arbeid det siste året. Dette representerer ei viss auke frå året før. Høgare utdanna, fagutdanna samt alderspensjonistar oppgir å gjere frivillig arbeid hyppigere enn andre grupper. Det same gjeld menn. Som kakediagrammet under viser så er heile 62 %, som er ein auke på 3 % frå året før, ikkje forsøkt rekruttert til å gjera ein frivillig innsats det siste året. Dette burde indikere at potensialet for å engasjere nye ildsjeler er større enn ein kanskje har trudd? Kan samarbeid om ei systematisk tilnærming til rekruttering vera eit av dei nye tiltaka ein skal ta tak i på Bokn?

Tabell 1: Forsøkt rekruttert til å gjere frivillig arbeid det siste året (2020)



Kjelde: Frivillighetsbarometeret Frivillighet Norge, 2020

Den sterkaste oppgitte barrieren til å ikkje delta er tid, helseproblem og familiesituasjon. Det er dei yngste som er begrensa av tida som faktor medan helseutfordringar er faktoren som virkar inn i størst grad hjå dei eldste.

Å tilegne seg arbeidserfaring er i tillegg ein viktig faktor for dei yngste. Det sosiale er viktigare for dei eldre. Kan det å samhandle om å organisere aktivitetane slik at ungdom og unge vaksne får dokumentert arbeidserfaring vera eit av satsingsområda i samordninga mellom frivillig og offentlig sektor på Bokn?

Å være til nytte og å bidra, samfunnsverdi og jobbe med noko ein brenn for, samt det sosiale, motiverer mest til å bidra i frivillig arbeid.

Nasjonalt benyttar flest seg av tilbud innan kultur og idrett.

Frivillighet på Bokn

Den største svakheten ved kartlegginga er at fleire av dei største organisasjonane ikkje svarte på undersøkinga. Dette får naturleg nok innvirkning på resultatet. Resultata frå kartlegginga viser at det er eit stort engasjement blant frivillige lag og organisasjonar på Bokn og at aktivitetstilbudet er stort, sjå vedlegg 1. Tilbudet er tilsynelatande størst for den eldste aldersgruppa, men vi merker oss altså også at organisasjonane som tilrettelegg for aktivitetar for born ikkje har svart på undersøkinga. Samfunnsdelen til kommuneplan for Bokn kommune peikar på at eit av dei viktigaste fokusområda for kommunen er å få fleire unge og unge barnefamiljar til å busette seg i kommunen.

Korleis kan ei samordning mellom Bokn kommune og frivillig sektor bidra til eit auka fokus på å styrka aktivitetstilbudet for born og unge? At talet på born og unge i kommunen er lågare enn tidlegare er eit faktum, men dette faktum legitimerer ikkje å ikkje tilrettelegge for dei borna og ungdommane som trass alt bur i kommunen.

Kartlegginga viser at organisasjonane ynskjer meir samarbeid enn det dei har i dag. Dei fleste organisasjonane som har eit samarbeid opplever det som positivt, uansett om det er mellom organisasjonane, med næringsliv eller kommunen. Med tanke på samarbeid med kommunen blir den kommunale tilskuddsordninga, lån og leige av lokaler trekt fram. I arbeidsgruppemøta kjem det og fram at å oppretthalda, og aller helst styrka, den kommunale kulturmiddelordninga vil vera heilt sentral for vidare framtidig frivillig aktivitet i kommunen. Organisasjonane rapporterer at utfordringane knytt til samarbeid, uansett om det er med andre organisasjoner, næringslivet eller kommunen, er tidkrevjande for dei frivillige. Tunge kommunale byråkratiske prosessar kan vera utfordrande å forholde seg til når aktivitetstilbud skal gjennomførast med motivasjon og engasjement.

Frivillighet Norge si oppsummering og anbefaling for samordninga mellom offentlig og frivillig sektor er basert på mange kartleggingar nasjonalt og seier fylgjande:

Korleis skal ein lukkast i samspelet mellom dei to sektorane?

Frivilligheten	Kommunen
• Ver på tilbudssida	• Bli kjent med frivilligheten
• Synleggjere eigne styrker og kompetanse	• Ver nysgjerrig på kva frivilligheten kan bidra med
• Forklar kva de vil og korleis de vil at kommunen kan bidra	• Ver tydelig på hva kommunen vil
• Ikkje prøv å vera noko de ikkje er	• Inviter frivilligheten inn
	• Verdsett frivilligheten for det den er

Anbefalingar:

- Ta vare på frivilligheten
- En helhetlig frivillighetspolitikk
- Hjelp til slik at tilbud synes
- Møteplasser
- Kompetanseheving
- Minst mulig byråkrati
- Bidra til deltagelse

Bokn kommune sitt samarbeid med frivillig sektor i Bokn kommune

Oppvekst og kultur

Kulturmidlane som blir delte ut via den kommunale ordninga er avgjerande for den frivillige aktiviteten på Bokn. I arbeidsgruppemøte kjem det tydelig fram at denne ordninga kan bety «vere eller ikkje vere» for fleire lag og organisasjonar. Frivillighet Norge anbefalar å tilrettelegge for tildeling av frie kommunale midlar i større grad enn kva status er per i dag. Ut over ordninga med kulturmidlar samarbeider oppvekst og kultursektoren med frivillig sektor mellom anna ved at:

- Lag og organisasjonar på Bokn kostnadsfritt kan bruke kommunen sine lokalar ved behov.
- Bokn musikk-korps tilbyr korpsundervisning via SFO – ordninga
- 17. mai – arrangement (Fleire frivillige lag involvert)
- Sommarskulen – Kjekt i sommar – (nytt av 2021)
- TV - aksjonen (Kommunen koordinerer og organiserer aksjonen medan frivillig sektor stiller med/som bøssebærarar)
- Dagsturhytte- prosjektet og framtidig drift av denne
- St.Hans – arrangement (Bokn KFUK/KFUM Speidarane)

Helse og omsorg

I sektor helse/omsorg samarbeider/samhandlar ein allereie mykje med både enkeltpersonar og med frivillige lag og organisasjonar:

- Bokn Bondelag: Helse/omsorg har fått tildelt ein pallekasse med diverse urter/planter som er plassert i sansehagen til glede for bebuarane
- Bokn Hagelag bidrar kvart år med beplantning og med å luke i alle beda utafor sjukeheimen slik at ein får pynta til 17. mai.
- Barnehagen og borna her kjem med jevne mellomrom ned til sjukestova, dette til glede både for bebuarane og for deltakarane på Dagsenteret
- Bokn Sanitetsforening har tilbudt seg å bidra inn i arbeidet med massevaksinering ved behov. Det er skrive ein samarbeidsavtale med Bokn Sanitetsforening på dette.
- Soknerådet stiller jamnleg opp, med song og andakt, på sjukestova til store glede for bebuarane.

I tillegg har svært mange enkeltpersonar, over tid, bidratt med aktivitetar som t.d månadlege besøk med besøkshund på sjukestova, sjåfør på kommunebussen for trygg, effektiv og sosialt samlande transport til aktivitetar, minikonsertar på sjukestova, trekkspele- og felekonsertar, sykkelturar med meir.

Det er, i helse/omsorg, teke initiativ til å planleggja og halda eit fellesmøte med fleire frivillige organisasjonar for på den måten å få rekruttert inn fleire frivillige til ulike typar oppgåver i samarbeid/samhandling med sektoren.

Utfordringar sett frå Bokn kommune sin ståstad:

Behovet for samarbeid/samhandling med frivillige lag/organisasjonar om tilbod innafør psykisk helse/rus er stort.

Teknisk

Teknisk sektor har samarbeid med frivilligheten primært knytt til beredskap, men ein finn og samarbeid innafør område som klima/miljø i kraft av m.a Strandryddedagen. Strandryddedagen finn stad i april/mai og det har, over mange år, vore stor oppslutnad om dette tiltaket. Teknisk/kultur har over svært mange år tilrettelagt for samarbeid med frivillige knytt til rydding av store strekningar med tursti. Dette er eit tiltak av stor betydning for ei samla befolkning på Bokn. Ut over dette finn ein samarbeid knytt til drift av servicebygget nede på nærmiljøanlegget, drift av småbåthavna i Hålandsjøen samt dugnad på almenningane ved Bokn Båtforening.

Sentraladministrasjon

Sentraladministrasjonen Bokn kommune samarbeider/samhandlar med frivillige lag/organisasjonar innafor beredskap:

Enkeltpersonar stiller naudsynt materiell/maskiner/utstyr tilgjengelig i krisesituasjonar

Det er inngått formelle avtalar med Bokn sanitetsforening og Bokn Røde Kors.

Avtalane bør reviderast.

Tilskottsordningar

Som tabellen viser er lista over tilskottsordningar på Bokn kort. Samanlikna med andre kommunar har altså kommunen kun ei tilskottsordning frivillig sektor kan søka midlar frå. Til samanlikning har Karmøy kommune ti kommunale tilskottsordningar der målgruppa er frivillig sektor medan Kvitsøy kommune også har kun ei kommunal tilskottsordning (kulturmidlar – må verifiseres).

Tabell 1: Oversikt over tilskottsordningar i Bokn kommune

Namn	Søknadsfrist	Etat	Retningslinjer oppsummert
Frivillighetsfondet	Søknadene blir behandlet fortløpende i den rekkefølge de er kommet inn og skal ha kort saksbehandlingstid.	Frivillighetsfondet administreres av gruppeledere sammen med ordfører.	Bokn kommunestyre vedtok 16. desember 2015 å bevilge kr 100.000 til et frivillighetsfond til delvis støtte for småprosjekter som styrker Boknsamfunnet utført av frivillige organisasjoner og lag. Dette innebærer at frivillige organisasjoner og lag som har spesielle småprosjekter som er med på å styrke boknsamfunnet kan søke om å få finansiert inntil 1/3 av kostnaden gjennom dette fondet. Maksbeløpet per søknad er satt til kr 20 000,-. Søknaden krever en kort beskrivelse av prosjektet, og et enkelt budsjett.
Søknad om tilskott til kulturarbeid	15.april	Oppvekst og kultur	Personar, organisasjonar, foreningar, lag og institusjonar som driv eller vil starta kulturverksemd i Bokn kommune kan etter søknad få stønad frå kommunen. Aktivitetar for barn og unge, musikk og idrett med vekt på aktivitetsnivå, medlemstall og årlige utgifter blir prioriterte.

Fokus på samarbeid og samhandling

Gode nærmiljø og trygge oppvekst og levekår blir skapt i samspel mellom offentlig, frivillig og privat sektor. Dei tre sektorane er sjølvstendige og unike, men avhengig av kvarandre for å optimalisera effekten. Gjennom aktiv innsats og engasjement legg ein til rette for at nærmiljøet skal blomstra, både sosialt, kulturelt og økonomisk. Det er av stor betydning at samspelet er prega av

forutsigbarhet, åpenhet, tillit og tilgjengelighet.

I Stortingsmelding 39 og i samarbeidsplattforma mellom KS og Frivillighet Norge, blir det understreka at kvar kommune bør utvikla ein lokal frivillighetspolitikk der ein legg til rette for at frivilligheten får utvikla seg på eigne premisser. I tillegg vil eit formalisert samarbeid mellom sektorane danna grunnlaget for å kunne søka om statlige midlar. Stadig fleire tilskottsordningar krev dokumentasjon på samarbeid for at ein skal kunne søke midlar frå ordningane.



Bokn musikk-korps Foto: Hans Faye

Bokn kommune sin rolle

Frivillige organisasjonar skal ikkje overta kommunale oppgåver. Med eit godt samarbeid kan frivilligheten supplere offentlig innsats ved å fange opp og sette nye behov på dagsorden. Samarbeid kan iverksetjast basert på at kommunen inviterer frivillige organisasjonar inn i beslutningsprosessar, høyringar osv. og på denne måten gje dei innflytelse. Kommunen kan støtte frivilligheten med finansielle bidrag samt samarbeide om enkeltprosjekt av kortare eller lenger varighet.

Gode samarbeid er avhengig av at intern koordinering, gjensidig kjennskap til rutinar samt god informasjonsflyt fungerer. For å ivareta rollen som samfunnsutviklar, må derfor kommunen vera ein arenabyggar og samarbeidspartnar for frivillig sektor, for næringslivet og for innbyggjarane. Kommunen må vera open for ulike samarbeidsløysningar som kan bidra til å utvikla lokalsamfunnet og arbeide bevisst og utadretta i forhold til alle lokale aktørar.

Mål for samordning frivillig/offentlig sektor Bokn kommune

Arbeidet med planen har gjeve kunnskap om kva mål frivillig og offentlig sektor på Bokn skal samarbeide/samhandle om det komande året. Utfordringsbiletet, henta mellom anna frå samfunnsdelen til kommuneplan, gjev og retning:

Kommunen treng fleire innbyggjarar. Så enkelt. Så utfordrande.

Kan samordninga mellom desse to sektorane bidra i rett retning?

Kva konkrete tiltak må iverksetjast, til kva kostnad og innafor kva tidsramme?

Har vi det som skal til? Vil vi?

Overordna mål for samordninga av frivillig/offentlig sektor:

Å fremma trygghet og trivsel i lokalmiljøet på Bokn

Arbeidsgruppa foreslår fylgjande mål for samarbeidet/samhandlinga framover:

1. Styrking av tilbud retta mot born og unge
2. Forenkla kommunikasjon mellom frivillige lag/organisasjonar og kommunen
3. Samordne og systematisere arbeidet retta mot frivillige organisasjonar
4. Skape forutsigbarhet for kommune og frivillige organisasjonar
5. Legge til rette for auka frivillighet i kommunen

Mål 1: Styrking av tilbud retta mot born og unge

Tiltak: Etablere tilskottsordning for å sikre alle born og unge tilgong til aktivitet på Bokn

Tiltak: Etablere mentorordning for å få fleire unge vaksne til å ta verv i frivillige lag/organisasjonar

Tiltak: Sikre optimal utnyttelse av brukstida i Bokn Arena og andre aktivitetsflater

Mål 2: Forenkla kommunikasjon mellom frivillige lag/organisasjonar og kommunen

Tiltak: Etablere årlig treff mellom sektorane for gjensidig meiningsutveksling og dialog

Tiltak: Felles portal for kommunikasjonsutveksling og synleggjering av aktivitetstilbud

Tiltak: Oversiktlig registrering av organisasjonar og aktivitetar

Mål 3: Samordne og systematisere arbeidet retta mot frivillige organisasjonar

Tiltak: Tilskottsordningar skal vera oversiktlige og enkle å søke/rapportere på

Tiltak: Lån/leige av kommunale lokaler skal systematiserast og forenklast

Tiltak: Kartlegge behov innan kommunen og samordne samarbeidet med frivillige

Mål 4: Skape forutsigbarhet for kommune og frivillige organisasjonar

Tiltak: Utarbeide skriftlige samhandlingsavtalar mellom frivillige lag/organisasjonar og kommunen

Tiltak: Utarbeide rutine for koordinering av aktivitet på tvers av sektorane

Tiltak: Synleggjering av kulturkontoret

Mål 5: Legge til rette for auka frivillighet i kommunen

Tiltak: Samordning av og bistand til administrative oppgåver

Tiltak: Etablere/arrangere årlig samankomst for ny- innflytta boknarar

Tiltak: Auka fleksibilitet mellom skule/SFO/leksehjelp og frivillige organisasjonar for betre samordning av aktivitetstilbud generelt

Frå og med årsmeldinga for 2022 skal komunedirektøren rapportere på om dei vedtatte målsettingane for samhandlinga mellom kommunen og frivilligheten er nådd.

Tabell med oversikt over tiltak knytt til dei definerte måla

Mål	Tiltak	Frist	Ansvar	Finansiering
Styrking av tilbud retta mot born og unge	1.1 Etablere tilskottsordning for å sikre alle born og unge tilgong til aktivitet på Bokn	2022	Oppvekst og kultur	Budsjett 2022
	1.2 Etablere mentorordning for å få fleire unge vaksne til å ta verv i frivillige lag/organisasjonar	Snarast	Eit samla kollegium under leiging av kulturkontoret/ Oppvekst og kultur	Ingen økonomiske konsekvensar
	1.3 Sikre optimal utnyttelse av brukstida i Bokn Arena og andre aktivitetsflatar	2. kvartal 2022	Oppvekst og kultur	Ingen økonomiske konsekvensar
Forenkla kommunikasjon mellom frivillige lag/organisasjonar og kommunen	2.1 Etablere årlig treff mellom sektorane for gjensidig meiningsutveksling og dialog	4. kvartal 2022	Eit samla kollegium under leiging av kulturkontoret/ Oppvekst og kultur	Budsjett 2022
	2.2 Felles portal for kommunikasjonsutveksling og synleggjering av aktivitetstilbud	Snarast	Oppvekst/Kultur Sentraladministrasjonen/Frivillige	Ingen økonomiske konsekvensar
	2.3 Oversiktlig registrering av organisasjonar og aktivitetar	Fortløp ande	Oppvekst/Kultur Sentraladministrasjonen/Frivillige	Ingen økonomiske konsekvensar
Samordne og systematisere arbeidet retta mot frivillige organisasjonar	3.1 Tilskottsordningar skal vera oversiktlige og enkle å søke/rapportere på	Fortløp ande	Oppvekst/ Kultur Sentraladministrasjonen	Ingen økonomiske konsekvensar
	3.2 Lån/leige av kommunale lokaler skal systematiserast og forenklast	Snarast	Oppvekst/Kultur/ Teknisk/ Sentraladministrasjonen/Frivillige	Budsjett 2021
	3.3 Kartlegge behov innan kommunen og samordne samarbeidet med frivillige	4. kvartal 2022	Kommunale sektorar/Frivillige	Ingen økonomiske konsekvensar

Skape forutsigbarhet for kommune og frivillige organisasjonar	4.1 Utarbeide skriftlige samhandlingsavtalar mellom frivillige lag/organisasjonar og kommunen	4. kvartal 2022	Kommunale sektorar/Frivillige	Ingen økonomiske konsekvensar
	4.2 Utarbeide rutine for koordinering av aktivitet på tvers av sektorane	Snarast	Oppvekst/Kultur	Ingen økonomiske konsekvensar
	4.3 Synleggjering av kulturkontoret	2. Kvartal 2022	Oppvekst/Kultur	Ingen økonomiske konsekvensar
Legge til rette for auka frivillighet i kommunen	5.1 Samordning av og bistand til administrative oppgåver	Snarast	Oppvekst/Kultur Andre kommunale sektorar/Frivillige	Budsjett 2022
	5.2 Etablere/arrangere årlig samankomst for ny- innflytta boknarar	1. kvartal 2023	Kommunale sektorar/Frivillige	Budsjett 2023
	5.3 Auka fleksibilitet mellom skule/SFO/leksehjelp og frivillige organisasjonar for betre samordning av aktivitetstilbud generelt	2022	Oppvekst/Kultur/ Frivillige	Ingen økonomiske konsekvensar

Planar/Kjelder

[Meld. St. 10 \(2018–2019\) \(regjeringen.no\)](#)

[St.meld. nr. 39 \(regjeringen.no\)](#)

[Nasjonal strategi for frivillig arbeid på helse- og omsorgsfeltet \(2015-2020\) \(regjeringen.no\)](#)

[frivillighetserklæringen-hefte.pdf \(regjeringen.no\)](#)

[KOMMUNEPLAN BOKN KOMMUNE 2019-2030](#)

[planstrategi.pdf \(bokn.kommune.no\)](#)

[Frivillighetsbarometeret-2020-til-nett.pdf \(amazonaws.com\)](#)

Vedlegg

Vedlegg1: Presentasjon utarbeidd av Frivillig Norge:

Kartlegging av frivillig sektor Bokn kommune april – juni 2020.

Vedlegg 2: Avtaleutkast Samhandlingsavtale Bokn kommune og frivillig sektor



1

Frivillighet Norge

- Interessepolitisk samarbeidsorgan for frivillige organisasjoner
- Uavhengig medlemsorganisasjon
- Jobber opp mot myndighetene for bedre rammevilkår for frivillig sektor
- Etablert i 2005



Frivillighet Norge

2

2

Om kartleggingen


- Spørreskjemaundersøkelse gjennomført på vegne av Bokn kommune av Frivillighet Norge i samarbeid med Rambøll
- Gjennomført 22.04-15.05.2020
- Svarprosent på 43 %



3


Foreningene i Bokn

Hva slags type lag/ forening er dere?



4


2



6



7




8



9


4



10



11



12

Hvordan lykkes i samspillet?

Frivilligheten

- Vær på tilbudssiden
- Synliggjør egne styrker og kompetanse
- Forklar hva dere vil og hvordan dere vil at kommunen kan bidra
- Ikke prøv å være noe dere ikke er

Kommunen

- Bli kjent med frivilligheten
- Vær nysgjerrig på hva frivilligheten kan bidra med
- Vær tydelig på hva kommunen vil
- Inviter frivilligheten inn
- Verdsett frivilligheten for det den er

Frivillighet Norge

15

6

23

Kriterier for bærekraftig frivillighetspolitikk

- Må utvikles i dialog med alle typer lag og foreninger
- Må bygge på frivillighetens premisser
- Beskriver faste kontaktpunkter med hele frivilligheten
- Legger til rette for forutsigbarhet
- Har konkrete virkemidler for samhandling og utviklingsmuligheter for frivillig sektor
- Må vedtas politisk og angå alle virksomhetsområder




16

Kommunale midler

Hvor stor andel mottar kommunale midler




Hvor stor del av inntektene utgjør kommunale midler




17

7



18




19

8



20



21

9

Frivillighet og korona

- 58 % sier at de har avlyst mer enn 50 % av aktivitetene sine siden mars.
- Bare 3 % har ikke avlyst noe
- Over 30 % har avlyst mer enn 50 % av aktiviteten fra nå ut året.
- 35 % har færre medlemmer nå enn samme tid i fjor.
- De største utfordringene for fremtidig planlegging:
 - Usikkerhet rundt smittesituasjonen
 - Smittesirkulasjoner
 - Økonomisk usikkerhet og økte kostnader
 - Målgruppen er i risikosonen
 - Man trenger større administrativ kapasitet nå

Anbefalinger

- Ikke bruk 2020 som grunnlagsår
- Legg til rette for bruk av kommunale lokaler
- Ha god dialog om hva organisasjonene trenger
- Gjør byråkratiet minst mulig

22

10 frivillighetspolitiske bud

1. Kjenn frivilligheten i kommunen din!
2. Vedta en tverrsektoriell kommunal frivillighetspolitikk
3. Anerkjenn frivillighetens egenverdi
4. Forenkling gir mer frivillighet
5. Tilrettelegg for frivillighetens egenutvikling
6. Skap dialog med frivilligheten
7. Anerkjenn og støtt opp om frivillighetens merverdi
8. Gi frie midler
9. Ikke konkurrer med frivilligheten
10. Skap forutsigbarhet for frivilligheten

23

10

Anbefalinger

- Ta vare på frivilligheten
- En helhetlig frivillighetspolitikk
- Hjelpe til slik at tilbud synes
- Møteplasser
- Kompetanseheving
- Minst mulig byråkrati
- Bidra til deltagelse



Frivillighet Norge

24

24

Frivillighetens år

2022

Sammen feirer vi Norges viktigste lagarbeid

25

11

Følg oss!

Facebook: @frivillighetnorge
Twitter: @frivillighet
Instagram: @frivillighetnorge

Takk for meg

siri@frivillighetnorge.no

Bl medlem i dag!
frivillighetnorge.no/bl-medlem

Frivillighet Norge

26

SAMHANDLINGSAVTALE OM FRIVILLIG INNSATS FRA FRIVILLIGE ORGANISASJONER

KOMMUNAL ETAT: _____

Forening, lag, klubb (heretter omtalt som „organisasjonen“): _____

Har organisasjonen teikna ansvarsforsikring for sine medlemmer? Ja [] Nei []
(organisasjonens egenerklæring)

Den frivillige innsatsen er knytt til fylgjande oppgåver:

-
-
-

Frivillig innsats vil bli utøvd (stad): _____

Tidsperiode: frå dato: _____ Periode: _____

(så presis tidsangivelse som det er behov for, for den aktuelle tenesta).

Ver venleg å gje beskjed til kontaktperson: _____

dersom:

a) du blir forhindra frå å møte som avtalt.

b) tilbudet / samarbeidet opphøyrer. Evt. ny avtale om andre oppgåver/arrangement trer i kraft dersom begge partar ynskjer det.

Avtalen skal reviderast kvart 2. år, fortrinnsvis innan 6 månader før avtalen utgår. Herunder ligg, i aktuelle tilfelle, ein gjennomgang av oppgaver det er knytta driftstilskott til.

Organisasjonens kontaktinformasjon:

Kontaktperson: _____

Fødselsdato: _____ Tlf: _____

Organisasjonens adresse: _____

Organisasjonens tlf: _____

Organisasjonen e - post: _____

Kommunens bidrag: (Økonomisk avtale / leigeavtale / støtteordningar/annonsering/verving)

Bokn kommune må følge gjeldande lovverk mht. taushetsplikt og politiattest knytt til kommunens tenester for våre brukarar. Med denne avtalen blir organisasjonen forplikta å følge same lovverk mht. taushetsplikt og politiattestar.

Kryss av for fylgjande:

Organisasjonen krev taushetserklæring av sine frivillige

før arbeid med enkeltpersonar startar Ja [] Ikkje aktuelt []

Organisasjonen krev politiattest av sine frivillige

før arbeid med enkeltpersoner startar, der det er påkrevd iht. loven. Ja [] Ikkje aktuelt []

(Organisasjonens egenerklæring)

Bokn kommune har til hensikt å samhandle med organisasjonen i den grad og på den måte kommunen anser hensiktsmessig/formålstjenlig.

Bokn kommune påtar seg ingen økonomiske eller andre forpliktelser utover det som evt. er nevnt i denne avtalen. Bokn kommune er ikkje ansvarlig for skader eller økonomiske tap som følgje av organisasjonen sitt arbeid.

Bokn kommune kan informere aktuelle brukarar om organisasjonen sitt tilbud.

Bokn kommune forpliktar seg ikkje til å formidle enkeltbrukarar.

Kvar av partane kan bringe denne avtalen til umiddelbart opphør.

Eg samtykker til at Bokn kommune registrerer desse opplysningane om organisasjonen.

Eg samtykker til at organisasjonen sitt engasjement blir publisert på kommunens si nettside.

Stad/dato: _____

Stad/dato: _____

Signatur kommunens representant:

Signatur representant frivillig org/ aktør:

Sektorleiar/Etatsleiar
Stilling/ansvar:

Kontaktpersonens navn og rolle i organisasjonen:

Bokn kommune

Frivillig aktør/organisasjon

